



## TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 53437018

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet

Postboks 8112

DEP

0032 OSLO

UGGDAL, 15.11.2016

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
16/184-60	7245/16	504	TK/EFV/MOAN	

### OMRÅDEREGULERINGSPLAN VÅGE SENTRUM, TYSNES KOMMUNE

Tysnes kommune har i ein periode på over 10 år arbeid med å få på plass ein heilskapleg plan for Våge sentrum. Den utbygging me kan sjå i dag, er stort sett etablert før plan og bygningslova vart innført, eller ved dispensasjonar i frå plankrav og ulike kommuneplanar opp gjennom åra. Det er i Tysnes kommune sin klare interesse å få utviklinga frametter i ein planmessig samanheng.

Det er fleire grunnar til at arbeidet har vore utfordrande og stogga opp fleire gongar, men no ligg det føre ein plan med lågt konfliktnivå blant oppsitjarane i Våge, som legg til rette for ei planstyrt utvikling av sentrum, der det er vurdert omsyn til naturtypar, kulturminne og landbruksinteresser som samstundes legg til rette for ny utvikling av bustad og næring.

Tysnes kommune meiner områdereguleringsplan for Våge ikkje kjem i konflikt med overordna planar. På Vågsneset, der områdeplanen ikkje er detaljert nok er det framleis krav om detaljregulering.

Fylkesmannen overraskar alle med og halde fram med sine motsegn vedkommande byggjegrænse mot sjø i eit etablert bustadområde der det allereie ligg bygg i strandkanten. Ny plan opnar opp for fortetting, samt og at han held fast på at naust ikkje kan byggjast i samband med bueining. Planane gjev i eit avgrensa område moglegheit til å byggje klimatilpassa bustadar med naustdel under bustadføremålet, på same måte som ein kan byggje bustaddel over garasje. Det er heller ikkje gjeve rom for utfylling i sjø. Det skal også nemnast at me i samband med fortetting også har lagt opp til eit ålment tilgjengeleg friområde mot sjø i same område.

Tysnes kommune meiner at fylkesmannen her går ut over det som ligg i fylkesmannen sitt mandat, og at motsegna synast å vera eit forsøk på å halde fast ved prinsipp som truleg kan forsvarast i uregulert LNF-område men som ikkje kan vera til hinder for ei turvande sentrumsutvikling.

Tysnes kommune har ei strandlinje på om lag 479 kilometer i følgje strandsonekartlegginga frå 2010, området rundt Våge er ikkje vist som areal med inngrepsfri strandsone og må reknast som eit utbygd område som allereie er privatisert i de 5-600 meter med strandlinje fylkesmannen har fremma motsegn mot.

Me vurderer at oppretthalding av motsegn er til hinder for ein fornuftig og differensiert strandsoneforvaltning, motsegna er også til hinder for god og legitim styring gjennom plan.

Kommunen kan ikkje halde fram med å sette krav om reguleringsplan om planprosessane ikkje opnar for anna en det som allereie ligg i kommuneplanane, ein må forvente at det vert lagt til rette for og at det kan konkluderast alternative løysingar gjennom prosessane så lenge dei ikkje går ut over kommunale, regionale eller nasjonale interesser.

Tysnes kommune har vore i to dialogmøter med fylkesmannen, men det er framleis usemje rundt dei ovannemnde punktane. Det me har blitt samde om i dialogmøta er innarbeidd i vedteken plan.

Vår oppleving er at Fylkesmannen i denne saka ser det som si oppgåva å verna kommunen mot seg sjølv utan at det vert ført ein overbevisande argumentasjon for kvifor planen er problematisk. Me kan kort og godt ikkje sjå noko fornuftig årsak til at motsegna skal oppretthaldast.

Kommunen har i utgangspunktet ikkje motsett seg mekling men me fekk ingen tilbakemelding i frå fylkesmannen innanfor den tidsramma me skisserte fram mot vedtak.

Tysnes kommune sender i samsvar med punkt 3.1 i rundskriv nr. H-2/14, Områdereguleringsplan for Våge sentrum, med tilhørande føresegner, vedteke i kommunestyremøte 08.11.16 via fylkesmannen til departementet for endeleg avgjerd.

Med helsing  
Tysnes kommune

Steinar Dalland  
rådmann

Morten Anthonessen  
Arealplanleggjar

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*

Vedlegg: Plankart, føresegner, planomtale, relevante utgreiingar, dokumentasjon på dialog mellom fylkesmann og kommune

Kopi: Hordaland fylkeskommune